



Kommunane i Sogn og Fjordane

Vår ref: (oppgjje ved kontakt) 2017/1169 - 34271/2017
Dykkar ref.:

Saksbeh.: Terje Ulvedal,
tlf: 57839648

FØRDE,
22.11.2017

Informasjon om arbeidet med prehospita plan i Helse Førde

Helse Førde har starta arbeidet med ein prehospita plan. Det prehospitale området i Helse Førde omfattar bil-, båt- og luftambulansetenesta samt akuttmedisinsk kommunikasjonsentral (AMK).

Målet med arbeidet er å sikre innbyggjarane i Sogn og Fjordane gode prehospitale tenester, og å leggje til rette for eit vidare godt samarbeid mellom helseføretaket og kommunane om den akuttmedisinske kjeda.

Helse Førde er klar over at dette er eit prosjekt som vil bli møtt med stor interesse og engasjement frå innbyggjarane og kommunane. Vi søker difor å informere så godt som råd etter kvart som arbeidet går framover.

Føretaket har oppretta eit eige område på våre internettsider helse-forde.no med informasjon om planarbeidet. Her kjem vi til å leggje ut oppdatert informasjon, og det vil bli mogeleg å sende spørsmål og kommentarar til Helse Førde. Ved å klikke på lekkja under kjem du direkte til nettsida:

<https://helse-forde.no/om-oss/prehospital-plan-helse-forde>

Dei viktigaste nyheitene frå arbeidet kjem vi også til å publisere på facebook og twitter:

Facebook: <https://www.facebook.com/helseforde/>

Twitter: <https://twitter.com/HelseFoerde>

Vi håpar på god kontakt og godt samarbeid i arbeidet.

Med helsing

Terje Ulvedal
kommunikasjonssjef

Trine Hunskaar Vingsnes
prosjektleder/direktør kirurgisk klinikk



Helse Førde HF
Administrasjon
Kommunikasjonsavdeling

Besøksadresse:
Naustdalsvegen 5
6800 FØRDE

Postadresse:
Postboks 1000
6807 Førde

Telefon: 57 83 90 00
post@helse-forde.no

www.helse-forde.no

Org.nr: 983 974 732